

- Sola er min beste venn!

14.02.2013



Gunn Mari serverte smågodt og solo

Sol, sol, kom igjen, sola er min beste venn!
Det song borna i den kommunale barnehagen under soldagsfesten i dag. Sola kom ikkje, men det la ingen dempar på festen som har vore avvikla minst 10 gonger og er ein fin skikk. Prosedyren er den samme år etter år.



Borna song 3 solsongar

Borna lagar kvar si pappsol og så togar dei til SPAR der dei vert hjarteleg mottekne av leiinga. Undervegs øvar dei på 3 solsongar - ikkje berre bøna til sola om å koma men også Sol ute, sol inne og songen om sola i vinduskarmen. Og så syng dei når dei kjem inn på SPAR.

Denne gongen fekk dei smågodt frå ein imponerande pokal som sjefen for SPAR på Vestlandet nyleg har påskjønta Uskedalsbutikken med for å ha erobra servicetoppen gjennom 6 år. Og så fekk dei sjølvstekt solo før turen gjekk attende til barnehagen og meir fest.

Då vart det servert pølser og brød og gul gele samt gult smågodt. Sola kom ikkje dette året heller, men ungane fekk i høg grad vist kor stor pris dei set på den livgivande stjerna.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Med kurs for SPAR!